

Knut O. Dale

## **Innlegg på digitalt valmøte 16.08.21 skipa til av Hordaland Mållag**

Nynorsk og bokmål er to allmenne og jamstelte skriftspråk i Noreg. Seinast vart det slege fast då Stortinget handsama og vedtok den nye språklova sist vår.

Men denne jamstillinga avspeglar seg ikkje i eksamensordningar og vurderingskriteria knytte opp til norskfaget.

Det er diverre slik at ein stor del av nynorskelevane byter hovudmål frå dei byrjar i grunnskulen til dei går ut or den vidaregåande skulen.

På landsplan reknar ein med at omlag halvparten av nynorskelevane byter hovudmål i det tolv eller tretten år lange skulelaupet.

Grunnane til at nynorskelevane byter hovudmål, kan vera ulike. Men hovudgrunnen er nok at dei opplever at dei meistrar bokmål betre enn nynorsk.

Alt var ikkje godt før heller, men endringar i eksamens- og vurderingsordningar har slege og vil slå ut på ein sær sars uheldig måte.

Fram til 2008 vart alle elevane som skaffa seg studiekompetanse, prøvde i både bokmål og nynorsk. Frå og med 2009 er det berre kring halvparten av elevane som kjem opp til skriftleg sidemålsksamnen.

Inntil nyleg vart det stilt dei same krava i skrivekompetanse i hovudmål og sidemål. Dette stadfeste avdelingsdirektør i Utdanningsdirektoratet Eli Karin Flagtvedt og seniorrådgjevar i Utdanningsdirektoratet Bente Heian i bladet Utdanning nr 9/11: «*I dag er det same krav til skrivekompetanse i sidemål som i hovedmål.*» Med andre ord skulle sensorane stilla dei same krava til dugleik i nynorsk og bokmål uavhengig av om det var ein sidemålsstil eller ein hovudmålsstil.

No har det kome ei endring i læreplanen i norsk som seier at ein ventar at elevane har større dugleik i hovudmålet enn i sidemålet.

Dette er feil, og det sterkaste provet på at det er feil er at halvparten av nynorskelevane byter hovudmål.

Ingrid Guntveit er norsklektor på Odda vidaregåande skule og ho har gjeve meg lov til å sitera henne på dette viset: Påstanden om at elevane, dvs. nynorskelevane, meistrar nynorsk betre enn bokmål, er heilt feil.

Eg kan ta med at Ingrid Guntveit har mastergrad i norsk og at ho har vore sensor i norsk skriftleg ni gonger. Før ho byrja å undervisa i Odda var ho lærar på Knarvik vidaregåande skule i gamle Lindås kommune.

Då eg gav meg som norsklærer i den vidaregåande skulen for tre år sidan, etter nesten førti år i skulen, var det openbert for meg at nynorskelevane meistra bokmål betre enn nynorsk.

Eg var skriftleg sensor i norsk 29 gonger, På eit møte framfor sjølvne sensureringa sa ein utsending frå Utdanningsdirektoratet at elevane meistra hovudmålet betre enn sidemålet.

Då kommenterte eg utsegna og spurde om det var vitskapleg grunnlag for å seia noko slikt.

Nei, sa talspersonen for Utdanningsdirektoratet, det var det ikkje.

No har formuleringa om at eksamenskandidatane meistar hovudmålet betre enn sidemålet kome inn i læreplane i norsk som langt på veg må sjåast på som ei eksamensforskrift.

Den nye formuleringa vil – meiner eg – få to konsekvensar:

1: Fleire nynorskelevar vil byta hovudmål

og

2: Nynorskdugleiken i samfunnet generelt vil gå ned.

Difor må me få attende den gamle ordninga med to jamstelte eksamenssvar, eit på nynorsk og eit på bokmål, på to ulike eksamensdagar.

Det var ei ordning som var rettferdig og heilt symetrisk. Og det er ei ordning som ikkje favoriserer korkje nynorsk eller bokmåselevane.

Ein sideverknad av å få attende den gamle ordninga vil vera at fleire lærarar vil få sensorrøynsle. Eg trur og meiner at det etter kvart kom elevane mine til gode at eg hadde så mange år attom meg som eksamenssensor i norsk.

Ei stund var det mangel på sensorar og då gav Utdanningsdirektoratet ut ein brosjyre der lærarar i den vidaregåande skulen vert oppmoda om å melda seg som sensorar. I den brosjyren, utgjeven i 2009, skreiv rektor på Levanger vidaregåande skole, Lucie Kjelvik: «*Sensorarbeidet er viktig for en felles standard for vurderingsarbeidet i den vidaregåande skolen, og dermed også for skolens utvikling. Den enkelte lærer får svært verdifull kunnskap om både fag og vurdering.*»

For meg var den årlege sensureringa løna vidareutdanning.

Så vil kanskje nokon innvenda at i bokmålsområde brukar lærarane masse tid på sidemålsundervisninga.

Det er ikkje rett.

I sju år var eg lærar på Vadsø vidaregåande skole. Då brukte er svært lita tid på sidemålsundervisninga, men eg lærde elevane å retta skriftlege tekstar og til å bruka ordlista. Og så las me god nynorsk litteratur: t.d. Soga om Gunnlaug Ormstunge i den nynorske omsetjinga og Fuglane av Tarjei Vesaas.

Og elevane greidde seg jamt over bra på eksamen – også på nynorsk.

Men nynorsk er eit kvalitativt anna språk enn bokmålet: Det gjeld i formverket, i ordvalet og det gjeld setningsbygning. Syntaksen i nynorsk er ein heilt annan enn i bokmål.

Men alt må lærast, anten det er gongetabellen eller bøyning av verb og substantiv.

Eit inkjekjønnsord skal bøyast slik: eit hus – det huset – fleire hus og desse husa og eit svakt a-verb skal bøyast slik: å kasta – no kastar – i går kasta – har kasta medan svake e-verb vert bøyde slik: å meina – no meiner – i går meinte – har meint.

Bøyninga er ikkje vanskeleg, men ho må lærast.

Så meiner eg òg at born og ungdom tidleg må venja seg til nynorsk: Opplesing på nynorsk og opplæring i den nynorske songskatten må ta til alt i barnehagane og skrivning av korte nynorsktekstar må elevane kunna starta opp med i tidleg alder t.d. i fjerde klasse. Så er det skulen si oppgåve å leggja «stein på stein» slik at elevane vert kompetente nynorskskrivarar.

Eg vil og leggja til at svake karakterar fyrst og fremst skriv seg frå ringt innhald og meiningslause setningar og ikkje frå feil i ordstaving og bøyingar. Og slik er det uavhengig av om elevane/kandidatane skriv på nynorsk eller bokmål.

Siktemålet med ei slik sidemålsopplæring må vera at alle elevane skal verta like dugande skribentar på begge skriftspråka.

Med slike ordningar vil ein også oppfylla intensjonen i den nye språklova

Så har Hordaland Mållag kravd at elevane som går på yrkesfag, må få opplæring i begge skriftspråka. Og om dei vert trekte ut i norsk skriftleg eksamen, må dei skriva tekstar på både nynorsk og bokmål.

Også i dag må det på skular i målblanda område, t.d. i Nordhordland, gjevast opplæring i begge skriftspråka og i den same klassen.

Og så skal me hugsa på at sidemålet ikkje er framandt for yrkesfagelevane: Dei har til og med fått eigen karakter i sidemålet på vitnemålet frå grunnskulen.

Å halda fram med sidemålsskrivng vil vera heilt logisk, m.a. fordi mange av desse elevane vel eit tredje år i den vidaregåande skulen – eit påbyggingsår - som gjev studiekompetanse. Og dette påbyggingsåret må elevane med yrkesfagleg bakgrunn, skriva tekstar (stilar) på begge dei offisielle skriftspråka.

Skuleåret 2019/2020 var det 270 nynorskelevar som skifta skriftspråk då dei byrja på ungdomssteget i områda kring Bergen. Me meiner at denne retten som born på 12 år har, må falla bort fordi språket i skulen er ei samfunnssak og ikkje ei sak for meir eller mindre sjølvstendige born på 12 år.

Men på desse skulane har foreldra rett til å velja bokmål for borna sine. Og det gjer dei og mange stader.

Siktemålet med desse krava som Hordaland Mållag fremjar, og som det er jamt over stor semje om blant målfolk, er at alle norske elevar skal verta kompetente og trygge nynorskskrivarar. Og særleg gjeld det for dei elevane som byrja med nynorsk i grunnskulen.

Rammevilkåra for nynorskelevane er viktige. Då eg gjekk på gymnast i Øystese – der eg gjekk på reallina - hadde me ikkje lærebøker på nynorsk korkje i matematikk eller fysikk. Det godtok me ikkje, og i dag godtek me ikkje ordningar som gjer at halvparten av nynorskelevane byter hovudmål.

Så difor må eksamensordningar og vurderingskriteria endrast.

Eg er glad for at Sveinung Rotevatn er med på møtet og me ser fram til utkastet til ny opplæringslov som Guri Melby, partileiaren i Venstre, vil leggja fram i nær framtid.

Der vonar eg at me får gjennomslag for krava våre: Og me skal hugsa. Desse krava er symetriske. Dei diskriminerer korkje nynorsk- eller bokmålslevar og tek på alvor grunntanken i den nye språklova.